

## SAK 04/12 SØKNAD OM TILSKOT, REGIONALT PLANSAMARBEID

### Saksopplysing

Kommunane i Hallingdal søker i brev dat. 2.9.2011 om tilskot til regionalt plansamarbeid.

Målet er å styrke lokal plankompetanse gjennom tettare regionalt plansamarbeid og auka medvit omkring regionale premissar, som grunnlag for lokal næringsutvikling.

For perioden 2012 – 2015 er det skissert ein 4- punkts tiltaksplan **der tiltak 1-3 gjeld** søknad om prosjektstøtte frå Regionrådet for Hallingdal.

	Tiltak	Innhald	Milepæl	Kommentar
1.	Etablere eit felles planforum	- Sekretær på omgang - 2-3 møter kvart år - Faglig innhald - Felles fagturar	2012 - 2015	Felles møteplass for planansvarlige. Gjennomføring i samarbeid med BFK/FM eller eksterne etter behov. Fordel med felles IKT- plattform for optimal samhandling
2.	Kommunal "Kunnskapsbank"	- Kompetansekartlegging Kven svarer på kva ? - System for felles "kompetanseutveksling", det er lov å ringe til kvarandre og be om råd - Hospiteringsordning – besøk hjå kvarandre	2012-	Kommunane er ulikt organisert, og det er til tider vanskeleg å vite kven arbeider med kva. Etablere et system som gjør det mulig at nabokommune kan ringe/ maille vedkommande enklare spørsmål.  Ønskje om å utvikle ei hospiteringsordning
3.	"Virtuell saksbehandl."	- System for å kunne gjere oppgåver for kvarandre	2012-2013	Forutsett ein IKT- plattform som gjer det mogeleg å samhandle. Avklare system for timerapportering, refusjon/ - arbeidsdeling
4.	Regionalt plankontor/- felles samfunnsplanleggjar	- Greie ut om det er fornuftig å etablere eit felles plankontor, eller ein form for felles samfunnsplanleggjar	2014-2015	Erfaringar frå felles planforum og eit tettare samarbeid på plan evaluerast, og ein tek stilling til om det er potensial, og interesse for å etablere eit felles plankontor  <b>Oppgåver kan være:</b> - Ressurs for kvar kommune/ regionrådet – tilgang på analyser, trender og utgreiingar samt prosessdriver - Ansvarlig for å dra/ initiere regionale planer - sekretærfunksjon planforum - støttefunksjon for kommunale planlegger

Det er søkt om årleg kr. 50.000,- for ein planperiode på 2 årsperiode samla kr. 100.000,-.

Årlege budsjett		Finansieringsplan kvart år	
Kostnadsart (Hovudpostar)	NOK	Kjelde	NOK
Seminar/ fagkonferansar	20.000,-	Kommunane (tid og pengar)	50.000,-
Innleidde ressurspersonar	50.000,-	Regionrådet	50.000,-
Fagturar	30.000,-		
<b>SUM</b>	<b>100.000,-</b>	<b>SUM</b>	<b>100.000,-</b>

I søknad blir det synt til at det er fleire samarbeidsområdar innan fagområde ”Teknisk” som utvilsamt vil gje synergiar gjennom eit tettare samarbeid mellom kommunane i Hallingdal. I denne omgang har ein no konsentrert seg om forvaltningsoppgåver knytt til planlegging.

Det blir peika på at behovet for eit tettare regionalt samarbeid om forvaltningsoppgåver knytt til planlegging m.a. gjeld i forhold til:

- at konsekvensane av ein lokal plan påverkar omgjevnaden - ein lokal plan i ein kommune kan få konsekvensar for nabokommunar/ region.
- Arbeid med planlegging krev kompetanse og ressursar. Kommunane gjer ein del dobbeltarbeid.
- Utfordringane for kommunane er mange,- rekruttering, halde på kompetansen, halde seg fagleg oppdatert, etablere attraktive fagmiljø etc.
- Korleis kan ein betre trekke vekslar på kvarandre ?

Det har vore fleire drøftingsmøter mellom kommunane for å sjå nærmare på korleis ein kan etablere/ formalisere eit tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene innan fagfeltet plan.

### **Vurdering**

Eit av satsingsområda i Strategisk plan for Hallingdal er samhandling, der eit mål er at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode. Eit aktuelt tiltak er å utgreie samarbeid tekniske tenester i Hallingdal. Etter dagleg leiar sitt syn er det positivt at det er teke initiativ for å etablere eit tettare plansamarbeid mellom kommunane i Hallingdal.

Dagleg leiar meiner at tiltaka som det er søkt midlar til, i stor grad er oppgåver som burde vore gjennomført, eller kan gjennomførast utan bruk av «eksterne» midlar. Etablering av eit felles planforum bør vera type tiltak som kommunane kan etablere, utan at det må gjevast eigen støtte til det. Det blir heller ikkje gjeve regional støtte til andre samarbeidsfora.

Kompetansekartlegging, kompetanseutveksling og eventuell hospiteringsordning bør og vera tiltak som kan gjennomførast, ut frå den direkte nytta tiltaket vil gje, utan særskilt tilskot.

Når det gjeld system for å kunne nytte ei form for virtuell sakshandsaming burde dette vore sjølvsagt og dagleg leiar føreset at felles IKT- plattform for Hallingdal taklar dette. Eventuelle tiltak som må gjerast, bør gjennomførast på lik linje med andre IKT tiltak i Hallingdal.

Kostnadat det blir søkt om midlar til er innleidde ressurspersonar med kr. 50.000 pr. år.

I 2014 – 2015 er det planlagt å gjera ei utgreiing i forhold til eventuelt felles plankontor, eller ein form for felles samfunnsplanleggjar, eit tiltak som det bør vera meir naturleg å gje støtte til.

I Norge er det relativt liten erfaring med interkommunalt plansamarbeid. Eg syner her til Samarbeidsrapport NIBR/Østlandsforskning 2012, ”Kartlegging av interkommunalt plansamarbeid i Norge”, <http://www.distriktsenteret.no/filearchive/interkommunalt-plansamarbeid.pdf>.

Gjennom prosjektet er det gjennomført ein landsomfattande undersøking. Føremålet har vore å få oversikt over omfanget av interkommunalt plansamarbeid i Norge. Undersøkinga syntetiserte at det foregår ein del samarbeid, men at dette i liten grad er retta mot formaliserte oppgåver etter plan- og bygningslova.

I rapporten blir det peikt på at det er *plankompetanse* som er distriktskommunens mest akutte planutfordring.

Sjølv om dagleg leiar meiner at tiltaka som det er søkt om midlar til i stor grad bør løysast, utan bruk av regionale midlar, er det positivt at det blir sett i gang eit arbeid for å utvikle og styrke plansamarbeidet. Det blir derfor rådd til at det blir løyvd kr. 40.000 til tiltaket.

**Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000 til gjennomføring av regionalt plansamarbeid 2012 – 2013.
2. Tilskotet blir finansiert frå midlar til Strategisk plan for Hallingdal.

Ål 21.1.2012

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad om tilskot til regionalt plansamarbeid, dat. 2.9.2011

***Regionalt plansamarbeid –  
Vekst og utvikling for Hallingdal***

–

**2012-2015**

Innholdsfortegnelse

<b>1.</b>	<b>BAKGRUNN OG PROBLEMSTILLINGAR .....</b>	<b>3</b>
<b>2.</b>	<b>MÅL .....</b>	<b>3</b>
<b>3.</b>	<b>TILTAK (2012-2015) .....</b>	<b>3</b>
<b>4.</b>	<b>ØKONOMI.....</b>	<b>4</b>
<b>5.</b>	<b>ANSVAR .....</b>	<b>4</b>

## 1. BAKGRUNN OG PROBLEMSTILLINGER

Eit av satsingsområda innan Strategisk plan for Hallingdal er å gjere kommunane i Hallingdal betre for å yte eit best mogeleg tenestetilbod. Eit av områda gjeld tekniske tenester.

<b>SAMHANDLING</b>		<b>Framdrift</b>	<b>Ansvar</b>
<b>Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode!</b> Gjera Hallingdal sterkare og gje betre tenester til innbyggjarane.			
a	Utgrei samarbeid barnevern, sak 55/08	Rapport jan. 2009	RU
b	Utgrei samarbeid tekniske tenester i Hallingdal	2009	RU
c	Vidareføre nært samarbeid og oppfølging med NAV-Hallingdal.	2009	RU
d	Hallingdal vidareutviklar det interkommunale samarbeidet innan administrative og tekniske støttefunksjonar.	Kontinuerleg	RU
e	Betre informasjon internt og eksternt	Kontinuerleg	RR/RU
f	Vidareutvikle profilering/identitetsbygging.	2009	RR

Det er fleire samarbeidsområdar innan fagområde "Teknisk" som utvilsamt vil gje synergiar gjennom eit tettare samarbeid mellom kommunane i Hallingdal. I denne omgang har ein no konsentrert seg om forvaltningsoppgåver knytt til planlegging.

Grunnlaget for all kommunal/- regional tenesteproduksjon og økonomi er felles planar. Behovet for ein tettare regionalt samarbeid om forvaltningsoppgåver knytt til planlegging kan illustrerast med fleire døme; at konsekvensane av ein lokal plan påverkar omgjevnaden - altså ein lokal plan i ein kommune kan få konsekvensar for nabokommunar/ region omkring. Tilsvarande, suksessen med ein regional plan er avhengig av korleis kvar einskild kommune følgjer opp planen lokalt. Samstundes, arbeid med planlegging krev kompetanse og ressursar. Kommunane gjer ein del dobbeltarbeid. Utfordringane for kommunane er mange, - rekruttering, halde på kompetansen, halde seg fagleg oppdatert, etablere attraktive fagmiljø etc. Korleis kan ein betre trekke vekslar på kvar andre ?

Det har difor siste året vore halde fleire drøftingsmøter mellom kommunane for å sjå nærmare på korleis ein kan etablere/ formalisere eit tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene innan fagfeltet plan.

Desse prosessane har no enda ut i ein enkel prosjektplan.

## 2. MÅL

- Styrke lokal plankompetanse gjennom tettare regionalt plansamarbeid.
- Auka medvit omkring regionale premissar som grunnlag for lokal næringsutvikling.

## 3. TILTAK (2012-2015)

Ein har samla seg om ein 5- punkts tiltaksplan **der tiltak 1-3 vert gjenstand for ein søknad om prosjektstøtte frå Regionrådet for Hallingdal.**

	<b>Tiltak</b>	<b>Innhald</b>	<b>Milepæl</b>	<b>Kommentar</b>
1.	Etablere eit felles planforum	- Sekretær på omgang - 2-3 møter kvart år - Faglig innhald - Felles fagturar	2012 - 2015	Felles møteplass for planansvarlige. Gjennomføring i samarbeid med BFK/FM eller eksterne etter behov. Fordel med felles IKT- plattform for optimal samhandling

# SAK 04-12, VEDLEGG 1

Prosjekt – regional planlegging

2.	Kommunal "Kunnskapsbank"	- Kompetansekartlegging Kven svarer på kva ? - System for felles "kompetanseutveksling", det er lov å ringe til kvarandre og be om råd - Hospiteringsordning – besök hjå kvarandre	2012-	Kommunane er ulikt organisert, og det er til tider vanskeleg å vite kven arbeider med kva. Etablere et system som gjør det mulig at nabokommune kan ringe/ maile vedkommande enklare spørsmål. Ønskje om å utvikle ei hospiteringsordning
4.	"Virtuell saksbehandl."	- System for å kunne gjøre oppgåver for kvarandre	2012-2013	Forutsett ein IKT- plattform som gjer det mogeleg å samhandle. Avklare system for timerapportering, refusjon/- arbeidsdeling
5.	Regionalt plankontor/- felles samfunnsplanleggjjer	- Greie ut om det er fornuftig å etablere eit felles plankontor, eller ein form for felles samfunnsplanleggjar	2014-2015	Erfaringar frå felles planforum og eit tettare samarbeid på plan evaluerast, og ein tek stilling til om det er potensial, og interesse for å etablere eit felles plankontor  <b>Oppgåver kan være:</b> - Ressurs for kvar kommune/ regionrådet – tilgang på analyser, trender og utgreiingar samt prosessdriver - Ansvarlig for å dra/ initiere regionale planer - sekretærfunksjon planforum - støttefunksjon for kommunale planlegger

## 4. ØKONOMI

Det vert retta ein søknad til regionrådet om årleg kr. 50.000,- for ein planperiode på 2 årsperiode samla kr. 100.000,-. Ein søker om tilskot på kr. 100.000,- for 2012-2013 basert på eit samla budsjett på kr. 200.000,-.

Årlege budsjett		Finansieringsplan kvart år	
Kostnadsart (Hovudpostar)	NOK	Kjelde	NOK
Seminar/ fagkonferansar	20.000,-	Kommunane (tid og pengar)	50.000,-
Innleidde ressurspersonar	50.000,-	Regionrådet	50.000,-
Fagturar	30.000,-		
SUM	100.000,-	SUM	100.000,-

## 5. ANSVAR

Hemsedal kommune v/ Ola K. Frogner tek på seg økonomistyring, medan Ål kommune v/ Reidun Aaker tek seg prosjektstyringa.

Dato: 02.09.2011

Prosjektansvarlig: \_\_\_\_\_